



DET KONGELIGE  
HELSE- OG OMSORGSDEPARTEMET

Mottatt HV RHF  
- 7 JUN 2005

Se vedlagte adresseliste

Deira ref

Vår ref

200202619-/MAR

Dato

3.6.2005

**Innkalling til føretaksmøte i Helse Vest RHF den 10. juni 2005 og informasjon vedrørande avlegging av årsrekneskapen for 2004**

Ein visar til forslaget i Ot.prp. nr. 56 (2004-2005) og Stortingets behandling av dette, samt årsoppgjeret for rekneskapsåret 2004 i helseføretaka. Departementet seier seg lei for den uavklarte situasjonen vedrørande opningsbalansane og det meir arbeid dette førar til i dei regionale helseføretaka og helseføretaka. Formålet med dette brevet er å kalle inn til føretaksmøte i Helse Vest RHF, samt å avklare enkelte forhold vedrørande avlegginga av årsrekneskapen for 2004. Ein tar etterhald om Lagtingets endelege behandling av odelstingsproposisjonen den 8. juni 2005.

**Innkalling til føretaksmøte i Helse Vest RHF**

Helse- og omsorgsdepartementet kallar med dette inn til føretaksmøte i Helse Vest RHF den 10. juni 2005 jf helseføretakslova § 18. Møtet blir halde som telefonmøte i tidsrommet mellom klokka 10 og 12. Det blir tatt kontakt for avtale om dei praktiske forholda knytt til møtet.

Formålet med møtet er å oppheve vedtaket fatta i føretaksmøtet den 17. januar 2005 i sak 5 Økonomiske krav og rammer under punkt 5.2 Kapitalfundamentet til Helse Vest RHF.

**Dagsorden**

1. Føretaksmøtet blir konstituert
2. Dagsorden

---

Postadresse  
Postboks 8011 Dep  
0030 Oslo

Kontoradresse  
Einar Gerhardsens plass 3

Telefon  
22 24 90 90  
Org no.  
983 887 406

Eieravdelingen  
Telefaks  
22 24 27 92

Saksbehandler  
Frode Myrvold  
22248759

### 3. Oppheving av vedtak fatta i føretaksmøte den 17. januar 2005

Vedtak fatta i føretaksmøte 17. januar 2005 i sak 5 Økonomiske krav og rammer under punkt 5.2 Kapitalfundamentet i Helse Vest RHF, første avsnitt, blir oppheva.

### **Informasjon vedrørande avlegginga av årsrekneskapen for 2004**

Ein visar til sak 5.7 Krav til einskapleg føring av rekneskap vedtatt i føretaksmøte 17. januar 2005.

#### *Førebelse rekneskapstal for driftsåret 2004*

Fram mot avlegginga av den endelige årsrekneskapen for 2004 vil det truleg være behov for å kommunisere førebelse resultat for føretaka. Helse- og omsorgsdepartementet ber om at det da gjennomgåande brukast såkalla "korrigert årsresultat", det vil seie rekneskapsmessig årsresultat retta for meravskrivninger som ikkje inngår i kravet om balanse. Dette resultatet er brukt i RHFenes rapportering til eigar i 2004 og i departementets kommunikasjon til Stortinget.

#### *Resultatrekneskapen, balansen og kontantstrømoppstillinga*

I balansen skal eit eventuelt underskott visast på ein eigen linje under opptent eigenkapital og ikkje inngå som ein del av eit samla beløp for annen innskott eigenkapital.

I resultatrekneskaps- balanse- og kontantstrømsoppstillinga skal orda "føretaksgruppa" og "Helse Vest RHF" nyttast. Tal for føretaksgruppa skal presenterast til venstre for tal for RHF. Alle tal i oppstillinga skal skrivast i heile tusen kronar. IB skal visast til venstre for UB. IB skal skrivast "31.12.2003" og UB skal skrivast "31.12.2004". Disponeringa av årsresultatet skal visast både for føretaksgruppa og for RHF.

#### *Noteopplysningar*

Ein viser til rekneskapslova sitt krav om noteopplysningar og 'Foreløpig Norsk Regnskapsstandard for Konsernregnskapet'. Nedanfor gir departementet ein oversikt over føringar frå eigar vedrørande noteopplysningane i dei regionale helseføretakas årsrekneskap.

Ein ber om at det gjeres greie for korleis føretaka blei etablert og at verksemda regulerast av lov om helseføretak i noten om rekneskapsprinsipp. Ein må også vise kva som er korrigert resultat (eigar sitt styringsmål) og forklara korleis dette framkommer. Noteopplysningane må vise at alle inntekter frå eigar føres via det regionale helseføretaket. Vidare må ein opplyse om valt prinsipp for fordeling av investeringsmidlar mellom helseføretaka i regionen (jf. brev frå Helsedepartementet av 27. februar 2003).

Når det gjeld godtgjersle og lønskostnader o.a., visar ein til brev av 27. februar 2003 frå Helsedepartementet, der ein ber om at noteopplysningane innehold ei orientering om leiar si løn og avtalar. Ein ber også om at Helse Vest RHF gjer informasjon om ordinært revisjonshonorar (sum), andre revisjonshonorar (sum, samt kva revisjonen gjeld), honorar til revisor for andre tenester (konsulentarbeid m.m. Her bør ein gjere greie for sum, samt kva slags tenester det dreier seg om).

Med omsyn til gjeld skal det i noteopplysningane gjeres merksam på at det er Helse- og omsorgsdepartementet som er långjevar. Lånebeløpa skal være inkludert oppatreksrenter. Vidare skal eventuelle finansielle leasingavtalar synliggjera og ein skal spesifisera når kontraktane vil bli avslutta.


Ein skal også gje informasjon om universiteta og høgskulane sine bruksrettighetar i helseføretaka (kvadratmeter, type lokalar, o.a.), samt eventuelle uavklarte forhold knytt til overføring av eigedom frå fylkeskommunane til føretaka og pro et contra oppgjerset med fylkeskommunane.

#### *Styret si årsmelding*

Ein viser til 'Foreløpig Norsk RegnskapsStandard Årsberetning' og rekneskapslova sine allmenne krav. Vidare understrekar ein at det må synliggjera kva som er korrigert resultat for året (eigars styringsmål) og forklarast korleis dette framkommer.

#### **Innsending av materiale til departementet**

Før behandlinga i føretaksmøta i juni ynskjer departementet å gjennomgå styret si årsmelding og årsrekneskapen for Helse Vest RHF. Ein ber derfor om at disse dokumenta sendes departementet snarast mulig og senast innan torsdag 9. juni 2005.

Med vennleg helsing  
  
Per Bleikelia e.f.  
ekspedisjonssjef

  
Frode Myrvold  
konstituert avdelingsdirektør

Kopi:

Sosial- og helsedirektoratet ved Marit Getz Wold og Arne-Petter Sanne  
Statistisk Sentralbyrå  
Sintef Helse

**Adresseliste**

Styremedlemmer i Helse Vest RHF

Helse Vest RHF ved administrerande direktør, Postboks 303 Forus; 4066 STAVANGER

Riksrevisjonen; Postboks 8130 Dep; 0032 OSLO